



## Referat frå kommunemøte

Torsdag 16. februar 2023, Teams

**Møteleiar:** Mari Severinsen

**Deltakarar:** Kommunane, Vest politidistrikt, PST, HV-09, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, Helse Bergen, Haraldsplass DS, KS, Region Nordhordland IKS.

**Ikkje til stades:** Austevoll, Etne, Fitjar, Gloppen, Høyanger, Lærdal, Osterøy, Stad, Voss, Årdal.

### Innhald

1. Innleiing .....	1
Oransje farevarsel .....	2
Kommuneøving mai 2023 .....	2
2. Tryggleikspolitisk situasjon.....	2
Orientering frå Vest politidistrikt v/Gustav Landro.....	3
Orientering frå PST Vest v/Torgils Lutro.....	3
Orientering frå HV-09 v/Karl Johan Staff.....	4
3. Atomberedskap .....	4
Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) v/Ole Bøklepp.....	4
4. Orienteringssaker frå beredskap.....	4
Straumrasjonering.....	4
Lokasjonsbasert SMS-varsling .....	5
Samtykke ved utdeling av jodtablettar i skule og barnehage .....	5
5. Saker frå helse .....	5
Status for tuberkuloseundersøkingar av flyktningar i kommunane.....	5
Erfaringar frå Kinn kommune angående tuberkulose-screening v/KOL Kjell-Arne Nordgård.....	6
Oppsummering v/Gudmund .....	6
Krav til beredskapslagring av smittevernustyr i kommunane.....	7
Unntak for reglar for teieplikt ved etterleving av kommunen si plikt til å syte for tuberkulosescreening, og samarbeid med politiet .....	7

### 1. Innleiing

Velkomen til årets andre kommunemøte.

Anne Catherine Fasmer Eide sluttar hjå oss i mars, og startar i ny jobb i fylkeskommunen. Vi takkar for tenesta og ønskjer ho lukke til vidare.



### Oransje farevarsel

Vi har på føremiddagen blitt kontakta av Meteorologisk institutt (MET), om at dei vil gå ut med oransje varsel for vind for dei sørlege delane av fylket.

#### *Orientering frå MET v/Geir Ottar Fagerli*

Meteorologisk institutt sender ut oransje farevarsel om vindkast i området Sunnhordland, og gult farevarsel om vindkast langs kysten av Hordaland for fredag. Det er meldt vindkast frå nordvest opp i 30-40 m/s. Det er venta eit intensivt lågtrykk som kjem fort og går fort. Vêrskiftet er venta rundt kl. 15.00 fredag. Lågtrykket treff først kysten, og deretter innover i landet.

Kraftige vindkast kan føre til at stenging av bruer og ferjer. Det kan kome skadar på bygningar, skog, og det kan gi straumutfall. MET tilrår at ein vurderer henting av barn/unge frå barnehagar og skular, tidlegare enn vanleg på fredag ettermiddag. Varselet vil verte oppdatert fredag føremiddag.

Statsforvaltaren vil vere tilgjengeleg, og vi ber om at varsel oss på vanleg måte viss det skulle oppstå større hendingar. Vi oppmodar om å sjekke Varsom.no.

### Kommuneøving mai 2023

Styringsdokumenta seier at vi i løpet av perioden 2019 til 2024 skal gjennomføre ei øving for alle kommunane i fylket. Vi har i denne perioden øvd om lag ¾ av kommunane, og planlegg no ei øving i mai for dei resterande kommunane.

Vi tenkjer å ha totalforsvaret som tema, med ei tidsramme på rundt 3 timar. Vi ønskje å øve fleire kommunar samstundes, slik at alle sit i sine egne lokale og har kontakt med oss via digitale plattformer. Øvingsdagane er 9. og 10. mai, og begge dagar er scenarioet det same. Øvinga er for kommuneleiinga. Det er viktig at både politisk og administrativ leiing deltek, og at kommuneoverlegen er med.

Dei kommunane det gjeld har fått e-post, og vi nærmar oss ei endeleg fordeling av øvingsdagar. Vi har kapasitet til å øve nokre fleire kommunar enn dei som står i oversynet vårt. Vi opnar difor for at andre kommunar kan delta.

Viss det er nokre kommunar som ikkje har fått førespurnad direkte, men som kan tenkje seg å delta i øvinga, er det fint om de **før onsdag 1. mars** sender e-post om det (til [mari.severinsen@statsforvalteren.no](mailto:mari.severinsen@statsforvalteren.no)). Skriv i så fall kva dag de ønskjer å øve. Så vil vi ganske raskt etterpå gi ein tilbakemelding på kven som kan delta.

## 2. Tryggleikspolitisk situasjon

Statsministeren hadde andre februar ei ny orientering om Ukraina-krigen til Stortinget.

Han sa m.a. at der vi tidlegare snakka om ei verdsorden under press, står vi no overfor ei verdsorden under angrep. Den fullskala invasjonen i Ukraina er den første angrepskrigen i Europa sidan andre verdskrig med mål om å erobre eit naboland. Europa er meir splitta enn før, men vi er òg meir samla. Krigen har samla allierte og samla demokratia.



## Statsforvaltaren i Vestland

Målet til Russland er eit okkupert og kua Ukraina, og ikkje noko tyder på at det målet er endra. Alt tilseier at den russiske presidenten er innstilt på ein langvarig krig i Ukraina.

Auka militær støtte er nødvendig for å gjere Ukraina i stand til å forsvare seg, vinne tilbake tapt land og stå imot eit Russland som bruker «storslegga» og planlegg nye offensivar.

Russland er ein kjent trussel mot Norge på område som etterretning, cyber og kritisk infrastruktur. Den norske beredskapen er skjerpa fordi Russland viser større risikovilje.

### Orientering frå Vest politidistrikt v/Gustav Landro

Politiet jobbar framleis for å sikre lokale nærområde. Patruljering rundt anlegga på Mongstad og Kollsnes held fram. Erfaringa er som tidlegare at det er god dialog med kommunane, og at dei deler situasjonsforståing.

Haakonvern vil oftare enn før ha Nato fartøy på besøk i samband med øvingar.

Same situasjonsforståing mellom HV og politi – veldig bra

Politiet skal ha øving saman med Equinor i mars.

Det er godt samarbeid mellom aktørane i arbeidet med grensekontroll. Kystvakta og HV bidrar med kontroller når politiet ikkje har kapasitet. Har god oversikt på kva som rører seg.

På grunn av dårleg vêr kjem det oppmodingar om «shelter» for ein del russiske båtar. Stabilt inn med båtar frå andre nasjonar med russisk mannskap. Det er stabilt med russiske båtar utanfor 12-milsgrensa.

Nasjonale trusselvurdering 2023 - merker oss at det ikkje er grunn til å ta ned uroa, men ingen konkrete truslar.

### Orientering frå PST Vest v/Torgils Lutro

Stadfesta Landro sin merknad om den nasjonale trusselvurderinga.

Situasjonen er uendra. Vi er utsett for ulovleg etterretning, og kjem til å vere det. Viktig å vere merksam på energiproduksjon, kritisk infrastruktur og teknologi.

Det er interesse for korleis vi krisehandterer, både her i Vestland og elles i landet.

I PST si trusselvurdering, som kom på måndag, er det framheva område som:

- Teknologi. Det skjer utanlandske anskaffingar/oppkjøp i Norge med fordekte kjøparar. Spesielt innan teknologi og eigedom.
- Datainnbrot
- Spionasje (flyktning)

Analysen seier at det er lite sannsynleg med sabotasje i Norge.

PST er merksame på tryggleikstrusselen ved det komande valet. Det er eit godt samarbeid med politiet. Det er kome ut ein del opne publikasjonar om truslar og sjikane, særleg retta mot ungdomspolitikarar.

PST oppmodar at aktørar som jobbar med beredskap og tryggleik les trusselvurderingane frå EOS-tenestene:



<https://www.pst.no/alle-artikler/trusselvurderinger/ntv-2023/>

<https://nsm.no/regelverk-og-hjelp/rapporter/risiko-2023>

<https://www.etterretningstjenesten.no/publikasjoner/fokus/innhold>

## Orientering frå HV-09 v/Karl Johan Staff

HV støtter politiet og PST sine skildringar av situasjonen.

I Ukraina har bakken enno ikkje frose. Dert betyr at det framleis er ein stillingskrig. Ein venter stillingskrigen trekk ut. Russarane fortifiserer etablert grunn. Dei gir ikkje opp tapstal, men det er truleg betydelege tap.

HV er noko meir årvakne og førebur eventuell beredskapsheving.

## 3. Atomberedskap

Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) v/Ole Bøklepp

Bøklepp orienterte om status i Ukraina, med særleg vekt på atomberedskapsfaglege.

- Situasjonen på Zaporizjzja-anlegget er framleis alvorleg, og med stort press på ukrainsk driftspersonell.
- Det er ikkje større endringar for dei tre andre anlegga; dei vert drifta som normalt og for fullt.
- IAEA planlegg for å vere fast til stades på alle kjernekraftverka i Ukraina, har per i dag fast fire faste representantar ved Zaporizjzja.
- DSA har framleis stab på nivå 2, og Kriseutvalet for atomberedskap (KU) har jamlege møte.
- Bøklepp minna om at jodtablettar og innemelding ikkje vil vere aktuelle tiltak i Noreg ved ei hending i Ukraina. Aktuelle tiltak vil vere i så fall vere retta mot næringsmiddelproduksjon.

DSA følgjer med på krigen og aktivitet nær kjernekraftverk. Det er ikkje no kamphandlingar som truer atomtryggleiken.

Det har vore trefningar på demninga ved Nova Kakhovka. Det har ført til lekkasje og senka vasstand i bassenget som Zaporizjzja-anlegget hentar kjølevatn frå. Reaktorane er no stengt ned, men låg vasstand i bassenget kan gi grunn til uro om russarane startar opp reaktorane igjen.

## 4. Orienteringssaker frå beredskap

Straumrasjonering

No nærmar vi oss å få inn reviderte prioriteringslister for straumrasjonering frå dykk alle. Vi har fått tilbakemelding frå mange av dei sentrale regionale aktørane, men vil ta ein ekstra runde med dei for å sikre at dei mest kritiske sluttbrukarane vert identifisert.

Planlegginga så langt har lagt til grunn den mest omfattande forma for rasjonering, som er rullerande, sonevis utkopling. Då vert enkelte område heilt straumlaust i ein viss periode. Prioriterte sluttbrukarar skal så langt det er mogleg ikkje koplust ut. Sidan det ikkje er opna for å kunne bruke



smartmålarar til å styre masseutkopling av enkeltbrukarar, må heile avgangen (kretsen) der ein prioritert brukar er kopla på, ha straum. Det betyr at det vil vere heilt nødvendig å avgrense talet prioriterte sluttbrukarar så mykje som mogleg.

Vi deltok måndag i eit møte med NVE, om arbeidet vidare med planlegging for straumrasjonerering. I møtet sa NVE at dei no vurderer å gå vekk frå ei planlegging for sonevis utkopling, fordi det er svært krevjande å gjennomføre i praksis. NVE ønskjer difor å gå over til eit rasjoneringsystem der ein berre planlegg for kvoterasjonering. Det vil si at kvar sluttbrukar får ei straumkvote som dei kan bruke, før prisen vert veldig høg.

Med eit slik system vil ein ikkje måtte ta omsyn til kva avgang (krets) den enkelte brukar er kopla på, fordi smartmålararen kan styre kvoten til den enkelte sluttbrukar. Det opnar opp for at fleire kritiske brukarar kan inkluderast i prioriteringslistene. Avgrensing av omfanget vil ikkje vere like knytt til talet prioriterte punkt, men det totale straumforbruket hjå desse brukarane.

Dette arbeidet vil truleg ta litt tid, men vi vil kome tilbake med oppdatert informasjon så fort vi veit noko meir. Listene som er utarbeidd så langt, og problemstillingane som har kome fram til no i prosessen, vil uansett vere viktig i det vidare arbeidet.

### Lokasjonsbasert SMS-varsling

På sist møte orienterte vi om vurderingar/retteleiing som Datatilsynet har gjort for lokasjonsbasert SMS-varsling. Vurderinga deira er at av omsyn personvern og behandling av personopplysningar, kan slik varsling som hovudregel berre gjerast av statlege styresmakter som departement eller politiet.

Vi har diverre ikkje noko nytt å kome med no. Vi arbeider med problemstillinga og vil halde dykk oppdatert. Tilrådinga vår er den same som då dette var oppe på møtet i januar; dei kommunane som har lokasjonsbasert SMS-varsling avventar meir informasjon frå oss.

### Samtykke ved utdeling av jodtablettar i skule og barnehage

I slutten av januar sendte Helsedirektoratet ut ei presisering til kommunane, om krav til samtykke for å gi jodtablettar til barn i skule og barnehage. Der står det at kommunane kan velje mellom å hente inn aktivt samtykke (samtykkeskjema) eller nytte passiv samtykke (be om tilbakemelding viss nokon ikkje ønskjer at barnet skal ta jodtablettar). Vi legg brevet ved referatet.

Vi legg brevet ved referatet.

## 5. Saker frå helse

### Status for tuberkuloseundersøkingar av flyktningar i kommunane

Helsedirektoratet arbeider med å få på plass eit system for at kommunane lettare skal få betre oversikt over gjennomførte tuberkuloseundersøkingar hjå flyktningar. Det vil ta noko tid å få dette på plass. Ukraina har ein høg del tuberkulose i befolkninga, og det er òg ein høg del multiresistente mikrobar. Det er difor viktig å utføre screening, og identifisere personar som treng behandling.

Vi viser til brev frå Helsedirektoratet datert 01.12.22 som handlar om erfaringar frå Sykehuset Østfold og Kongsberg kommune om erfaring med kvitteringsløyning for utført lovpålagt



tuberkuloseundersøking. I rapporten det er lenka til i brevet, er det skildra bruk av ein klistrelapp som vert klistra på asylkort, med bokstavkodar som indikerer at røntgenundersøking og/eller IGRA er gjennomført. Det står i rapporten at Helsedirektoratet har tilrådd å ta i bruk denne rutinen så snart som råd, inntil behovet for informasjon blir dekkja på ei annan måte. Vi legg brevet ved referatet.

Vi er bedne om å gi tilbakemelding til Helsedirektoratet om korleis det fungerer for kommunane å få oversikt over gjennomført tuberkulosescreening i pr dag. Vi ber difor om ei tilbakemelding frå dykk, om de har god oversikt over om flyktningar har gjennomført tuberkulosescreening, og kva utfordringar de har hatt med dette arbeidet.

Vi har hatt noko dialog med Kinn kommune om dette temaet, og Kjell-Arne Nordgård vil fortelje om deira erfaringar. Vi ber om tilbakemelding om de deler erfaringane Kinn har gjort, eller om de har ei anna oppfatning av korleis det fungerer å få oversikt over gjennomført tuberkulosescreening hjå flyktningar som kjem til kommunane.

Erfaringar frå Kinn kommune angående tuberkulose-screening v/KOL Kjell-Arne Nordgård  
Florødelen av Kinn har i lengre tid hatt asylmottak i kommunal regi. I 2022 også eit akuttmottak utover vanleg mottak. Det er gode erfaringar med samarbeidet med det kommunale mottaket. Sjølve tuberkulosearbeidet vert gjennomført på fastlegekontoret i Florø.

Oversikt og system kring flyktningar endra seg mykje då det kom flyktningar frå Ukraina. Det som tidlegare følgde med av helseopplysningar frå flyktningar var mangelfullt eller ikkje til stades. Dei fekk beskjed frå Nasjonalt ankomstsenter på Råde om at ein måtte ta kontakt for å få liste for å få status for tub-screening. Dette medførte ekstraarbeid og forseinking i arbeidet, som gjorde det vanskeleg å oppretthalde lovkravet om tidsperspektivet for å gjennomføre undersøkinga. Elles blei det usikkert med tanke på oversending av lister via e-post, og sensitive opplysningar.

Samtidig opplever Kinn at jobben som vart gjort med flyktningar som kom gjennom Bergen kommune, var svært god og nyttig. Gode system for å vidareføre helseopplysningar, i tillegg til at ein fekk personopplysningar om t.d. opphavsland og kva spørsmål som allereie var stilt til flyktningen. Dette kom rett i journal til KOL etter kvart.

Kinn erfarer at Nasjonalt kompetansesenter har betra seg sidan i fjor sommar/haust. Men ein får berre røntgensvar, og ikkje t.d. blodprøvesvar eller informasjon om kva land flyktningen kjem frå. Det er svært ressurskrevjande for helse og asylmottaket å hente inn opplysningar.

Det er også ei sårbar gruppe med tanke på oppbevaring av personalia. Vanskeleg med namn og fødselsdatoar som ikkje verkar å stemme, t.d. årstal som det ikkje er mogleg å vere født i.

Systemet fører til mykje ekstraarbeid med å lukke sakene fordi kommunen manglar informasjon som er relevant. Samtidig er det sårbart at informasjonsflyten er basert på det enkeltpersonar som KOL registrerer gjennom Helsenett. Saknar eit nasjonalt system der ein kan hente ut og føre inn opplysningar i.

### Oppsummering v/Gudmund

Hdir har stilt spørsmål om arbeidet med tuberkulosescreening er blitt betre. Basert på erfaringa til Kinn så ser ein at noko har blitt betre, men at ein har meir å gå på.

Sunnfjord og Øygarden kommunar skriv i chat at dei har same erfaringar slik som Kinn beskriv dei. Gudmund legg til grunn då at det Kinn seier er representativt. Kommunar som vil kome med ytterlegare opplysningar om erfaringar med innhenting av dokumentasjon på gjennomført



tuberkulosescreening kan gjere dette på e-post til [guovs@statsforvaltaren.no](mailto:guovs@statsforvaltaren.no) innan 22.02.23. Vi tek dette inn i eit samla svar frå Vestland til Hdir.

### Krav til beredskapslagring av smittevernutstyr i kommunane

Vi har fått nokre spørsmål om kva som no er gjeldande føringar for lagring av smittevernutstyr i kommunane. Vi har fått stadfesta frå Helsedirektoratet at det er ei forventning om at kommunane har eit lager av smittevernutstyr tilsvarande seks månaders forbruk i ein normalsituasjon (ikkje pandemi).

Arbeid med krav til beredskapslagring av smittevernutstyr no går føre seg uavhengig av det øvrige lovarbeidet innan smittevern og beredskap. Det vert arbeidd med forslag til ei ny forskrift om dette, og den vert truleg send på høyring i løpet av våren 2023. Inntil vidare er det ei forventning om at kommunane har eit lager av smittevernutstyr tilsvarande minst 6 månader normalforbruk. Det går fram av brev sendt til kommunane frå Helsedirektoratet 07.10.2021.

Arbeid med ny forskrift var eit av fleire tema på eit møte med direktorata i slutten av november, der Helsedirektoratet presenterte arbeid med «utkast til forskriftsfesting av krav til beredskapslagring av smittevernutstyr for kommuner og helseregioner/helseforetak, samt fylkeskommunene mht. offentlig tannhelsetjeneste».

Her kom det fram at det vert føreslege ei vidareføring av seks månaders lagring av smittevernutstyr ved normalt forbruk. Det er vurdert til at det er eit omfang som bør kunne handterast logistisk (utan behov for vesentleg kassasjon). Det blir òg tilrådd handlingsrom for å finne lokale løysingar for lagringa (t.d. lokale lagre, samarbeid på tvers av kommunar, knytt opp til helsefelleskap eller gjennom avtalar med leverandørar eller grossistar).

### Unntak for reglar for teieplikt ved etterleving av kommunen si plikt til å syte for tuberkulosescreening, og samarbeid med politiet

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har sendt ein førespurnad til Helsedirektoratet, om unntak av reglar for teieplikt ved etterleving av kommunen si plikt til å sørge for tuberkulosescreening. Ein kommune hadde laga ein rutine for handtering av situasjonar der ein person ikkje møtte til tuberkulosekontroll. I prosedyren var det føreslege å sende skriftleg melding til politiet om dette.

Helsedirektoratet vart spurt om det då var naudsynt å lage enkeltvedtak, jfr. § 5-2 i smittevernlova (handlar om tvungen legeundersøking), for å sende desse opplysningane til politiet.

Helsedirektoratet har svart at viss kommunen ikkje lukkast i å nå ein person for å gjennomføre tvungen legeundersøking, betyr ikkje det at ein person aktivt motset seg legeundersøking. Dette er ikkje å rekna som tvang. Det skal difor ikkje lagast enkeltvedtak etter § 5-2. Føremålet med å kontakte politiet er ikkje å be politiet om å hente personen med tvang, men at politiet skal få høve til å undersøke om personen oppheld seg i ein annan kommune, slik at kommuneoverlege i bustadskommunen eventuelt kan varslast. Helsedirektoratet vurderer at teieplikt ikkje er til hinder for at politiet kan orienterast om namn på personar som kommunen ikkje har lukkast i å kome i kontakt med, for å gjennomføre tuberkulosescreening.

Vi vil også nemne at det i same brev vart spurt om status på arbeid i samarbeid med UDI om helsetenestene sin tilgang til informasjon og kvar asylsøkjjarar og flyktningar bur. Dette er framleis under arbeid.



Vi legg ved korrespondansen med Hdir i referatet.

[Spørsmål frå Bergen kommune om tvangsbruk til personar med og utan psykisk utviklingshemming ved ei atomhending](#)

Vi har fått spørsmål frå etat for tenester til utviklingshemma i Bergen kommune, om tvangsbruk ved ei atomhending, og krav/tilråding om at personar skal halde seg innandørs ved radioaktivt nedfall. Spørsmålet er kva lovverk som då er aktuelt ved tvangsbruk.

Vi har sendt spørsmålet til Helsedirektoratet, som svarer: *“Det aktuelle regelverket i en situasjon som du beskriver vil kunne være helse- og omsorgstjenesteloven kap. 9, eller evt. pasient- og brukerrettighetsloven kap. 4A dersom personen er innlagt - eller innlegges - i helseinstitusjon. Hvorvidt vilkårene vil være oppfylt, må på vanlig måte vurderes konkret i hvert enkelt tilfelle.” Vi vil også leggje til at tenestene i ein slik situasjon også må vurdere situasjonen konkret ut frå forsvarlegheitskravet i helse- og omsorgstenestelova § 4-1, og at situasjonen må vurderast ut frå dei tilrådingar som kjem frå styresmaktene i ein aktuell situasjon.*